



Anita Losnegård Fosse
Mjåtveitmarka 10 B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/104 - 16/694

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
14.01.2016

Godkjenning - fritak for feie-/tilsynsgebyr gbnr 22/213, seksjon 10 MJåtveitmarka.

Administrativt vedtak. Saknr: 15/2016

Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 12.01.2016, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyr for husvære på gbnr 22/213, snr 10. Søknaden er grunngeven med at det ikkje er montert eldstad i husværet.

Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, kan etter søknad, sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2016. Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyr.

Administrasjonen har vurdert eigar av gbnr 22/213, snr. 10, sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

Vedtak

”Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2016 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar husvære på gbnr 22/213, snr. 10, i samsvar med søknad dagsett 12.01.2016. Dersom eldstad vert montert må det straks gjevast melding hertil.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond
Smørdal

Mottakere:

Anita Losnegård Fosse

Mjåtveitmarka 10 5918
B

FREKHAUG